

Fra: Einar Aalen Hunsager (Einar.Aalen.Hunsager@hfk.no)

Sendt: 18.02.2016 09:02:29

Til: Tale Halsør

Kopi:

Emne: SV: Søknadsskjema til fylkeskommunen 150216

Vedlegg:

NIFS v/Amlie

1. Er dette ein god ide?

Relevant tema, passar inn i mål for transport (20% utsleppsreduksjon innan 2020) og tilhøyrande strategiar (C12 Auke tal på reiser som bilpassasjer, C13 Stimulere samkøyring). Fylkeskommunen integrerer sjølv samkøyring i pilotprosjektet Mobilpunkt på Danmarks plass, men har elles ingen tiltak for å følgje opp strategien.

Prosjektet omfattar på den eine sida aktivitetar retta mot politikarar og offentlegeita og på den andre sida retta mot potensielle brukarar via bedrifter og kommunar. Både opplæring og internetsider er ein del av opplegget. Erfaringa er at Amlie er dyktig på slik kontakt og kommunikasjon.

2. Fornuftig budsjett?

Ein stor del av midlane skal gå til lønnskostnadene, men det er ikkje oppgitt kor mange arbeidstimer prosjektet omfattar. Det er difor vanskeleg å vurdere kor realistisk budsjettet er.

3. Nyttig for samfunnet?

Ja. Som søker sjølv peiker på er dette i stor grad oppgåver som det offentlege ikkje er gode på. Prosjektet gjer aktivitetar moglege som kan utløse eit større potensial med positiv verknad for samfunnet.

4. Genererer det lokalt engasjement og handling?

Ja. Innfallsporten via bedrifter synest å skape engasjement og handling på dei stadane dette er gjort tidlegare.

Konklusjon: Ideen og strategien i prosjektet er riktig. Men eg skulle gjerne visst meir om omfanget av prosjektet: Kor mange opplæringer og kor mange arbeidstimer kan vi forvente? Vil tilboda til NIFS vere gratis for bedriftene? Er det høve for å spørje søker om dette?

Fra: Tale Halsør [mailto:Tale.Halsor@hfk.no]

Sendt: 17. februar 2016 15:43

Til: Einar Aalen Hunsager

Emne: Søknadsskjema til fylkeskommunen 150216

Hei Einar,

Det er kome inn to transportrelaterte søknadar til miljøtilskotsordninga. Sender dei til deg, i håp om at du kan sjå fort over og gjere ei vurdering av dei. Kriterier: Er dette ein god ide? Fornuftig budsjett? Nyttig for samfunnet? Genererer det lokalt engasjement og handling?

I vedlegget er den første. Den andre kjem straks.

Tale